

KV / JASO

Nils E. Seime (57868264)
Magne R. Seime
6827 Breim

200901128-188
A:312

N.V.E.
Konsesjonsavdelinga v/Jan Sørensen
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Breim 01.12.2012

Høyringsfråsegn : Søknad om bygging av Breim Kraftverk alternativ C og tilleggsvurderingar i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Underskrivne her Nils E. Seime og Magne R. Seime bur på Seime. Førstnemnde er gardbrukar og grunneigar på Seime gards nr. 115 bruk nr. 1 i Breim, Gloppen kommune Sogn og Fjordane.

Når ein skal velje mellom desse to store kraftverksutbyggingsalternativa A og C som Breim Kraft AS har konsesjonssøkt, **vil vi seie det så sterkt vi kan at alternativ A er eit heilt umogeleg alternativ som vi vil protestere på det aller sterkaste i mot.**

C alternativet er mykje meir skånsamt. Vi vil påstå at dei negative verknadane av C alternativet er om lag 50% mindre enn for A alternativet.

Dette i forhold til miljø, natur og kulturlandskap, biologisk mangfald, naturhistorisk og kulturhistorisk identitet som er spesielt verdifull i nærområdet til Breimsvatnet. Vidare i forhold til folk, private og allmenne interesser, turisme og fritidsaktivitetar og dei svært gode og populære fiskeplassane i nedre delen av Storeelva og osen.

Alt dette vert ivareteke på ein god måte ved at ein vel **C alternativet som inneber at Seime marka/stranda blir fri for anleggsdrift som massedeponi, vegar, tunnellar og elkabelframføringar.**

Ein unngår deponering av tunnelmasse i Breimsvatnet.

Dei naturlege sterke og viktige straumane frå storelvosane og ut gjennom Breimsvatnet blir oppretthaldne.

Storelvosane , elvedeltaet og nedste delen av Storelva blir som før – inngrepsfritt.

Vi er svært letta og meiner det er svært bra at Breim Kraft AS har utgreidd C alternativet der vatnet går ut att i elva ved Breimshallen. Det kan kanskje vera muleg å taka vatn frå øvre delen av storeelva til kraft produksjon men ikkje frå nedre delen av storeelva. Dette fordi at der ikkje er noko vatn å ta frå nedste delen av storeelva og dei to elvaosane.

Storelva er mykje breiare på den nedste strekninga . Elva har to breie elveosar her. Difor treng nedste delen av elva og elvaosane den naturlege vassføringa slik den er i dag. Dette er

og viktig for å oppretthalde det naturlege og kraftige straumsystemet som går langt utgjennom Breimsvatnet. Rikeleg vatn i nedre delen av elva og sterke friske straumar ut gjennom Breimsvatnet er nok svært viktig for auren når han skal finne vegen opp gjennom elva og då også sjølvsgt storauren. Eit estetisk landemerke og svært viktig kandskapselement som nedste delen av Storelva er treng elva her all den naturlege vassføringa elva har i dag. Fyrst då kan elva og elvosane framså med den storheit og meiktigheit ei storelv skal ha.

Breim Kraft AS sitt utbyggingsalternativ C er likevel eit stort inngrep i kultur/naturlandskapet, men på langt nær i same grad og på same øydeleggande måte som A alternativet.

Dette fordi kraftstasjon med vegar, tunnellar, massedeponi vert lagt i eit svært tydeleg menneskeskapt landskap. Her er forholdsvis mykje lausmasse som sand og matjord som gjer at det blir mykje lettare å jamne til att og så igjen området etter at anlegget er ferdig.

Anleggsområdet her er mykje romslegare og ikkje på langt nær så bratt som for A alternativet slik at ein unngår dei veldige fjellskjeringane og fyllingane.

Minstevassføringa som Breim Kraft AS har tenkt seg for alternativ C er forliten når ein veit kor viktig Storelva er i forhold til fisk, forureining og landskap. **Minstevassføringa for Breim Kraft AS sitt C alternativ bør settast betydeleg opp.**

Ein må ikkje gløyme at storeelva er ei elv med storaure i og at storauren må sikrast like gode leveforhold i elva etter ei eventuell kraftutbygging som den hadde før utbygginga med tilstrekkeleg vassføring.

Rovfuglar i Seimemarka og Seimestranda som vi med sikkerheit veit er her er kongeørn, hubro, og hønehauk og høgst truleg hekkar dei her. Vi har høyrte og sett alle desse tre rovfuglane i år. Ein del av observasjonane har vi notert ned. Vi bur nærast skogen og stranda og ferdast svært ofte i dette fine utmarksområdet. Dyrelydane frå marka her høyrer vi ofte heilt inn på soverommet. Det er mogeleg for oss å følge med på litt av det som skjer i utmarksområda vore nesten kvar dag heile året.

Det går fram av konsesjonssøknaden til Breim Kraft AS sitt C alternativ slik vi kan forstå det at Byrkelo Maskin og Eide Sandtak skal kjøpe 70 000 kubikk av tunellmassene.

Vi meiner at Breim Kraft AS bør opplyse korleis desse 70 000 kubikk med tunellmasse skal ordnast.

Skal desse 70 000 kubikk med tunnelmasse køyrast ut av bygda med det same dei vert teken ut av tunnelen eller skal dei mellomagrast i nærområdet? I tilfelle dei skal lagrast i nærområdet kvar stad i nærområdet har ein tenkt å plassere desse 70 000 kubukkane?

Nils E. Seime
Grunneigar

NES E. Seime

Magne R. Seime

Magne R. Seime